

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
033/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	10.06.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	14/1033	15/6417

Søknad om salsløyve for alkoholhaldig drikk

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I samband med planlagt etablering av Bunnpris Austmarka AS (daglegvare), har kommunen mottatt søknad om salsløyve for alkoholhaldig drikk. Butikken er planlagt opna i august 2015.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV, som ikkje har innvendingar mot at Bunnpris Austmarka får salsløyve.

Christian Næss er i søknaden oppgitt som styrar for salsløyvet, og May Sissel Hopsdal er oppgitt som stadfortredar. Søknaden har vore til uttale hjå Nordhordland lensmannskontor, som ikkje har merknad til styrar og stadfortredar sin vandel. Det vert i søknaden opplyst at Næss og Hopsdal ikkje har avlagt kunnskapsprøve etter alkohollova, men at desse skal avlegga kunnskapsprøven 15. juni.

Kommunal bevilling til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 2 og 3 kan gjevast for 4 år om gongen, og med opphør seinast 30. juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer, jf. alkohollova § 1-6.

Vurdering

I Radøy kommune er det gitt løyve til sal av alkoholhaldig drikk (høgst 4,7 volumprosent) til fire daglegvarebutikkar, og søknaden som no ligg føre gjeld salsløyve for ein ny utsalsstad i kommunen.

Ruspolitisk handlingsplan for Radøy kommune set ikkje tak på tal utsalsstader, men målet er at talet skal haldast på eit lågt nivå. Bunnpris Austmarka vil som del av Bunnpris-kjeden føra eit fullverdig varesortiment, der alkoholhaldig vare (med høgst 4,7 volumprosent) vil vera ein del av dette. Det er rådmannen si vurdering at ein ved å innvilga salsløyve ikkje vil auka tilgjenge til alkohol i særleg grad, og at det vil vera i tråd med gjeldane praksis i kommunen å godkjenna løyve til alkoholsal i daglegvarebutikk.

Styrar og stadfortredar innfrir formelle krav gitt i alkohollova § 1-7, men har ikkje avlagt kunnskapsprøve. Det er ein føresetnad for godkjenning av styrar og stadfortreder det deu gjennomfører og består kunnskapsprøve etter alkohollova. Då kommunal bevilling til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 2 og 3 kan gjevast for 4 år om gongen, og med opphør seinast 30. juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer, vert evt. salsløyve avgrensa i tid og forlenging av løyve må handsamast av nytt kommunestyre.

Konklusjon

På bakgrunn av ei heilskapleg vurdering tilrår rådmannen at det vert gitt salsløyve for alkoholhaldig drikk til Bunnpris Austmarka AS som omsøkt, og at styrar og stadfortredar vert godkjent under føresetnad av godkjent avlagt kunnskapsprøve etter alkohollova.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bunnpris Austmarka AS, med Christian Næss som styrar og May Sissel Hopsdal som stadfortredar, får salsløyve for alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol, for perioden 01.08.15 til 30.06.16. Styrar og stadfortredar vert godkjent under føresetnad av godkjent avlagt kunnskapsprøve etter alkohollova. Salsløyvet er gjeve med heimel i alkohollova § 1-7.

Kommunestyret i Radøy - 033/2015**KS - handsaming:**

Finn Frantzen (KrF) signaliserte at KrF ikkje ville røysta i mot søknaden, ettersom dei andre butikkane i kommunen har fått salsløyve.

Kommunestyret vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak mot 1 røyst (Oddmund Skjelvik, Sp).

KS - vedtak:

Bunnpris Austmarka AS, med Christian Næss som styrar og May Sissel Hopsdal som stadfortredar, får salsløyve for alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol, for perioden 01.08.15 til 30.06.16.

Styrar og stadfortredar vert godkjent under føresetnad av godkjent avlagt kunnskapsprøve etter alkohollova.

Salsløyvet er gjeve med heimel i alkohollova §1-7.

Vedlegg:

Søknad om salsløyve Bunnpris Austmarka AS
Uttale salsløyve Nordhordland lensmannskontor
uttale skjenkebevilgning bunnpris (L)(46051)
Ruspolitisk handlingsplan 2011-2014